



Budsjett 2026 Økonomiplan 2026–29

Vestland FrP sitt alternative fylkesbudsjett

— mer frihet



1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2026 / Økonomiplan 2026-29 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren. Der FrP har endringsframlegg vert dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Fylkesdirektøren sitt framlegg til budsjett for 2026 er i stor grad ei vidareføring av drifta frå 2025, justert for løns- og prisvekst, rentebane m.m. Samstundes peikar direktøren på utfordringar i storleik 400 mill kr i slutten av perioden, primært knytt til auka kostnader med nye kollektivkontraktar og kostnadsvekst knytt til individuelle rettar til vidaregåande opplæring og endra Opplæringslov.

FrP stør difor fylkesdirektøren sitt framlegg om å etablera eit prosjekt i 2026 for å tilpasse budsjettet til forventa inntektsrammer, ref. innstillinga sitt vedtakspunkt. 8.

FrP legg med dette fram mindre endringar i drifts- og investeringsbudsjettet for Budsjett 2026 / Økonomiplan 2026-29.

I drifta vert m.a. inntekspotensialet knytt til reklamefinansiering tatt ut for å sikra tilbodet til reisande i fylket, fylkesvegvedlikehaldet vert auka, fylkeskommunal finansiering av Fagskulen i Vestlandauka og arbeidet mot psykisk uhelse blant ungdommane våre styrka. Samstundes må ein halda fram med å ta ned administrative kostnader, og kutta kostnader knytt til tenester som ikkje er lovpålagde.

På investeringssida auka FrP satsinga på fylkesvegnettet med 250 mill kr pr år, totalt 1 milliard kr i økonomiplanperioden.

I fylkesdirektøren sitt framlegg til budsjett overfører ein 650 mill kr frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet kvart år i økonomiplanperioden. FrP vel difor å marginalt redusera overføringa frå drift til investering med 64,6 mill kr i 2026, aukande til 76,6 mill kr i 2029. Slik kan vi trygga og styrka tenestetilbodet til innbyggjarane i Vestland.

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå fylkesdirektøren kjem fram av tabell 1. Nokre tiltak med fokus på budsjettåret 2026 er kommentert nærare under tabellen. Konsekvensar av tiltaka for økonomiplanperioden er vist i tabellen.

Område	2026	2027	2028	2029
Fellesprosjekt				
Reduksjon administrasjon	- 5 000	- 15 000	- 25 000	- 35 000
Politisk, styring og kontrollorgan				
Meir effektiv møteavvikling	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
Næring, plan og innovasjon				
Reduksjon i fylkeskommunal finansiering	- 10 000	- 10 000	- 10 000	- 10 000
Opplæring og kompetanse				
Fagskolen Vestlandet - auka fylkeskommunalt tilskot	10 000	10 000	10 000	10 000
Tiltakspakke psykisk helse / auka gjennomføring vgs	10 000	10 000	10 000	10 000
Utstyr yrkesfag vidaregåande skule	10 000	10 000	10 000	10 000
Mobilitet og kollektiv				
Reklame i kollektivsektoren	- 50 000	- 75 000	- 75 000	- 75 000
Styrka billettkontroll kollektiv	10 000	10 000	10 000	10 000
Auka billettinntekter knytt til forsterka billettkontroll	- 10 000	- 10 000	- 10 000	- 10 000
Turistrute Hardanger	500	-	-	-
Auka fergekapasitet i påventa av nytt anbod i 2023	20 000	20 000	20 000	20 000
Auka kollektivtilbud - primært i distrikt	20 000	20 000	20 000	20 000
Effektivisering adm Skyss	- 5 000	- 10 000	- 10 000	- 10 000
Informasjonskampanje Skyss (fra 9 til 5 mill)	- 4 000	- 4 000	- 4 000	- 4 000
Gratis skuleskyss også i Bergensregionen	9 000	9 000	9 000	9 000
Infrastruktur og veg				
Økt reasfaltering fylkesvei / fylkesveivedlikehold	50 000	50 000	50 000	50 000
Kultur og folkehelse				
ROS Senter for spiseforstyring	2 000	2 000	2 000	2 000
Tilskot nybygg Fyllingsdalen Teater	5 000	5 000	5 000	5 000
Søkbar pott til barne og ungdomsaktiviter - pga "dyrtid	5 000	5 000	5 000	5 000
Økt driftstilskudd Vestkystparken og friluftsråda	3 000	3 000	3 000	3 000
Avikle distrikts- og fylkesmusikkarordninga	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Sunnhordland Museum - byggetrinn 1	7 100	7 100		
Generelt				
Redusert overføring fra drift til investering	- 64 600	- 51 000	- 59 500	- 76 600
Økt rente- og avdragskostnad pga økt låneopptak	-	4 400	7 500	12 100
Rente- og avdragseffekt pga økt investeringsramme vei	-	22 500	45 000	67 500
Sum endring	-	-	-	-

Tabell 1 – Endringar i driftsbudsjettet (mill kr)

FrP legg inn **eit fellesprosjekt** for å redusera administrative kostnader. Slik kan vi trygga tenestetilbodet ut til innbyggjarane i Vestland.

Administrative kostnader pr innbyggjar varierer mellom fylkeskommunane. KOSTRA-tal frå 2024 syner t.d.;

Fylkeskommune	Kostnader til administrasjon pr innbyggjar
Vestland	718,-
Rogaland	532,-
Møre og Romsdal	739,-
Trøndelag	514,-

Hadde Vestland vært på nivået til Rogaland eller Trøndelag ville det gitt svært store innsparingar. FrP legg inn ei forsiktig innsparing på 5 mill kr i 2026, aukande til 35 mill i kr 2029. Digitalisering, bruk av KI og organisasjonsstruktur må også vurderast. FrP meiner vidare at det er potensiale i å redusera fylkeskommunen sitt arbeid med eigne planar, samt høyringar til kommunane sine areal- og områdeplanar. Vi ber difor om at deler av kuttet også vert tatt på Seksjon for plan, klima og statistikk.

Innan **Politisk, styring og kontrollorgan** er ein det lagt inn ein reduksjon i reise- og møteaktivitet med 5 mill kr pr år. Sjå også verbalframlegg knytt til avvikling av politiske møter.

Innan **IKT og digitalisering** meiner vi det vil vera teneleg om politisk nivå vert orientert om systemendringar, utviklingsprosjekt, bruk av KI osv. Avdelinga peikar på at gevinstane av investering i ny teknologi ofte kjem ute i organisasjonen, medan kostnadane ligg hos IKT og digitalisering. Politisk er det viktig at vi ser samanhengane for å kunna prioritera knappe ressursar rett.

Næring, plan og innovasjon leiar arbeidet med ei rekkje tilskotsordningar, samarbeidsavtalar og satsingar. Dels er ressursane fylkeskommunale midlar, og dels forvaltar ein øyremærka statlege utviklingsmidlar. FrP har merka seg reduksjonen på om lag 60 mill kr i statlege midlar i framlegg til statsbudsjett for 2026, men legg til grunn at ein også kan trekkja ned 10 mill kr på den fylkeskommunale finansieringa.

På **Opplæring og kompetanse** legg FrP inn 10 mill kr pr år til tiltak for å auka gjennomføringsgrad og arbeidet med psykisk uhelse i den vidaregåande skulen. I dette arbeidet ynskjer FrP at Vestland fylkeskommune skal samarbeida med private aktørar som Dale Oen Experience, ROS og liknande organisasjonar.

Vidare aukar vi den fylkeskommune finansieringa av Fagskulen i Vestland med 10 mill kr pr år. FrP prioriterer yrkesfagutdanning, og meiner det er viktig at vi no sikrar stabil og føreseieleg finansiering frå fylkeskommunen til Fagskulen Vestland. I tillegg aukar vi ramma for innkjøp av utstyr til yrkesfag i den vidaregåande skulen med 10 mill kr pr år.

FrP legg også til grunn at Vestland fylkeskommune tek ein leiarrolle i dialogen med staten i høve konsekvensane av ny Opplæringslov. Ein bør sjå både på dei individuelle rettane etter lova, alternative opplærings- og arbeidstilbod og dei samla økonomiske konsekvensane.

På **Mobilitet og kollektivtransport** legg FrP inn 20 mill kr til å styrkja kapasiteten på fylkesvegfergene i påvente av nytt fergeanbod for sambanda i gamle Hordaland. Kapasiteten er mellom anna sprengd på Hatvik-Venjanaset, og det er ynskje om fleire avgangar på Husavik-Sandvikvåg.

Vidare sett vi av 20 mill kr til styrka busstilbod, primært til ruter i distrikta. Turistruta i Hardanger vert også fullfinansiert i 2026.

For FrP er det uaktuelt å svekkja tilbodet til dei reisande så lenge fleirtalet i fylkestinget ikkje har utnytta potencialet som ligg i delvis reklamefinansiert kollektivtransport, sjå eige verbalforslag. Vi legg inn 50 mill kr i inntekt frå reklame i 2026, aukande til 75 mill kr frå 2027.

FrP legg også inn 10 mill kr til auka billettkontroll på kollektivtransport. Dette gjeld både buss og hurtigbåt. Sniking gjev bortfall av store inntekter for Vestland fylkeskommune, og i sum reduserer dette kollektivtilbodet til dei reisande. Motpost med effekt av redusert sniking er også lagt inn.

FrP legg også inn 9 mill kr pr år for å sikra gratis skuleskyss også for vgs-elevar i Bergensregionen.

FrP ber også om at det vert gjennomført eit prosjekt for effektivisering av Skyss. I Rogaland fylkeskommune har ein hatt ein gjennomgang av Kolumbus AS i 2025 med vesentleg omorganisering og nedbemanning. Det er skilnader på Kolumbus som aksjeselskap og Skyss som avdeling i Vestland fylkeskommune, men vi legg til grunn at ein kan henta ut effektiviseringsgevinstar også i Skyss. FrP reduserer også posten til informasjonskampanjar i regi Skyss frå 9 mill kr til 5 mill kr i 2026.

FrP meiner elles generelt at Vestland fylkeskommune må dempa klimakrava i framtidige anbudsrundar på buss, ferje og hurtigbåt. Høge klimakrav gjev ekstra kostnader for fylkeskommune, noko som svekkjer det samla kollektivtilbodet i fylket. FrPs prioriterer frekvens, kortast mogeleg reisetid og lågast mogeleg billettprisar for dei reisande.

På **Infrastruktur og veg** aukar FrP budsjettet for reasfaltering av fylkesveg med 50 mill kr pr år for å ta att deler av etterslepet på fylkesvegvedlikehald.

På **Kultur og folkehelse** gjer FrP framlegg om å avvikla ordninga med fylkesmusikarar og lønstilskot til distriktsmusikarar. Dette er ikkje ei lovpålagt oppgåve.

FrP ynskjer gradvis å vri meir av VLFK si kultursatsing over frå vaksne til barn og unge, og set av eit søkbar pott til organisasjonar med barne- og ungdomstilbod. Dette er spesielt viktig i den dyrtida vi opplever no. I tillegg styrkjar vi tilskota til Vestkysparken og friluftsråda som legg til rette for gratis friluftslivstilbod i fylket. Vi legg også inn totalt 20 mill kr i spleiselaget

for nybygg til Fyllingsdalen Teater, 14,2 mill kr til byggetrinn 1 ved Sunnhordland Museum, samt eit driftstilskot på 2 mill kr pr år til ROS Rådgiving om spiseforstyrrelser, avd. Vestland.

3.1 Saldering

FrP salderer budsjettet gjennom redusert overføring frå drift til investering med 48,5 mill kr i 2026, aukande til 67,6 mill kr i 2029. Det tyder ein redusert overføring på om lag 50 mill kr pr år i høve fylkesdirektøren sitt framlegg på 650 mill kr pr år. Som følge av dette aukar låneopptaka tilsvarende, og det er lagt inn auke i rente- og avdragskostnadane for å kompensera dette, sjå tabell 1.

Det er tilsvarende lagt inn auka rente- og avdragskostnader knytt til utvida investeringsramme fylkesveg med 250 mill kr pr år i økonomiplanperioden 2026-29.

Finanskostnader knytt til lånefinansierte investeringar er i oppsettet sett til 9 mill kr i rente- og avdragskostnad pr 100 mill kr i låneopptak (ca 5% rente).

4 Investeringsbudsjett

FrP gjer framlegg om å auka investeringsramma til fylkesveg med 1 milliard kr i økonomiplanperioden 2026-29. Dette gjer rom for naudsynt oppgradering av fleire fylkesvegbruer, kaiar, gjennomføra flaskehalsprosjekt på fylkesvegnettet, samt prioritera nokre strekningsvise prosjekt i vedteken Regional Transportplan Vestland. Hovedutval for samferdsel og mobilitet gjer endeleg fordeling av midlane på prosjekt og samlepostar.

Vi legg også inn ein ny post på 10 mill kr pr år til opparbeiding av innfartsparkering i og rundt Bergen. Midlane kan også nyttast til samfinansiering av innfartsparkering med kommunane eller private.

Investeringsprosjekt	2026	2027	2028	2029
Auka satsing på fylkesvegnettet	250 000	250 000	250 000	250 000
Innfartsparkering Bergensregionen	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum	260 000	260 000	260 000	260 000

Tabell 2 – Endringar investeringsbudsjett (mill kr)

FrP ber også om at det blir arbeidd vidare med **Masfjordsambandet** som ferjeavløysingsprosjekt i perioden. Det er avgjerande at prosjektet vert prioritert no, slik at dei kjem til realisering snarast råd. I tråd med vedtak i fylkesutvalet sak 286/25 vert det nytta inntil 1 mill kr frå samfinansieringsposten til vidare planarbeid i regi Masfjorden kommune i 2026 og -27. I byggeperioden legg FrP til grunn at rentekostnad vert finansiert gjennom lågare avdragsbetaling. Når prosjektet er realisert legg FrP til grunn at største delen av investeringane vert dekkja med brukarfinansiering og ferjeavløysingsmidlar. Endeleg finansieringsplan må ein komma attende til når prosjektet er klar for realisering.

Vestland fylkeskommune bør også ta ein leiarrolle i høve staten for å utvida og betra rammevilkåra i ferjeavløysingsordninga.

Ny **FV Tokagjelet** og **Poll til Poll** må løftast inn som eit nasjonalt skredsikringsprosjekt, ref. også KVV for arm E134 Odda – Bergen. For vidare arealplanlegging og samfunnsutvikling i kommunane langs traseen er det avgjerande at ein snarast får fullført reguleringsplanane for prosjekta.

5 Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2026 / Økonomiplan 2026-29 i fylkestinget.

5.1 Delvis reklamefinansier kollektivtilbod

I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurderer heile sitt inntekspotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, bane-, båt- og ferjetilbodet. Tidlegare utgreiingar har vist at fylkeskommunen kan henta fleire titalsmillionar kroner i nye inntekter på eit slikt tiltak. Auka inntekter vil styrkja det samla kollektivtilbodet i fylket.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren fremja ei politisk sak om inntekspotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.

5.2 Konkurransetsetting

Vestland fylkeskommune nyttar allereie konkurranse i store deler av tenesteproduksjonen, t.d. innan kollektivsektoren og vegvedlikehald. I den økonomiske situasjonen VLFK er i bør ein vurderer om konkurranseutsetting også kan nyttast i andre deler av tenesteproduksjonen.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det innan 30.06.26 vert lagt fram prinsippsak med vurdering av kva tenester som kan eigna seg for konkurranseutsetting i økonomiplanperioden. Ein skal spesielt vurderer tenester der ein kan forventar lågare kostnader og/eller høgare kvalitet i tenesteproduksjonen, samt kor velfungerande marknaden er for dei aktuelle tenestene (tal potensielle leverandørar osv.).

5.3 Reduserte reise- og møtekostnader

Vestland fylkeskommune har ei omfattande reiseverksemd både administrativt og politisk. Samstundes er digitale møter blitt den nye normalen etter koronapandemien. Gjennom redusert reiseverksemd og digitalt førsteval knytt til møteaktivitet er det potensiale for å redusere kostnader. FrP ynskjer også at møta i fylkestinget og fylkesutvalet vert lagt fast til Vestlandshuset, medan hovudutvala vekslar mellom møte på Vestlandshuset og omreisedagar ute i resten av fylket.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å setja i verk eit prosjekt med mål om reduserte kostnader knytt til reise- og møteaktivitet i Vestland fylkeskommune.

5.4 Sal av eigedom og eigedelar

Vestland fylkeskommune sit på store eigedomsverdiar, samt aksjar ein del selskap der eigarskapet er finansielt. Eigedommar og eigedelar som ikkje skal nyttast i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen, eller er av strategisk karakter, bør ein vurdere å realisere. Dette gjeld også eigedelar ute i t.d. dei vidaregåande skulane som tilleggsareal, rettigheitar osv. Salsvinst kan nyttast til nedbetaling av gjeld og/eller eigenkapital i nye investeringsprosjekt.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av alle eigedommar og eigedelar som ikkje er tenkt nytta i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

5.5 Organisatorisk gjennomgang av Skyss

Rogaland fylkeskommune har hatt ein gjennomgang av Kolumbus AS i 2025 med vesentleg omorganisering og nedbemanning. Det er skilnader på Kolumbus som aksjeselskap og Skyss som avdeling i Vestland fylkeskommune, men vi legg til grunn at ein kan henta ut effektiviseringsgevinstar også i Skyss.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren setja i verk ein gjennomgang av Skyss med sikte på å redusere dei samla administrative kostnadene. Gjennomgangen skal særleg vurdere moglegheitene for effektivisering og omorganisering som kan gje innsparing tilsvarande minimum 10 årsverk, utan at dette går utover tryggleik, kvalitet eller det daglege rutetilbodet til dei reisande.

Resultatet av gjennomgangen skal leggjast fram for fylkestinget innan 30.06.26.

5.6 Vestland fylkeskommune si rolle i arealforvaltninga

Vestland fylkeskommune har tatt må av seg å vera ein sentral utviklingsaktør i Vestland. Utviklingsplanen legg mellom anna til grunn Vestland skal vera det leiande verdiskapingsfylket og at vi skal leggja til rette for trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket. Skal vi lukkast med dette treng kommunane handlingsrom i arealpolitikken i høve utvikling av t.d. nye nærings- og bustadområde. Vi meiner difor at fylkestinget på prinsipielt grunnlag bør drøfta VLFK si rolle i arealpolitikken utan at vi har konkrete høyringsuttalar til handsaming i einskildsaker.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren fremja ei prinsippsak som drøftar Vestland fylkeskommune sin rolle i arealpolitikken i fylket. Saka bør omhandle aktuelt lovverk,

statlege planretningsliner, fylkeskommunen sitt ansvar etter lov, bruken av Regionalt planforum og det lokalpolitiske skjønnnet i arealpolitikken. Saka skal også vurderast delegasjonsreglementet i VLFK der ein i dag skil mellom administrative og politiske motsegn.

5.7 Samla oversyn næringsretta arbeid

Hovudutval for næring og tenesteområdet Næring, plan og innovasjon rår over ei rekkje tilskotsordningar, samarbeidsavtalar og satsingar. Dels er ressursane fylkeskommunale midlar, og dels forvaltar ein øyremerka statlege utviklingsmidlar. I sum fordeler VLFK normalt ca 300 mill kr årleg i eksternt retta verkemiddel, i hovudsak tilskot. Desse går til mange 10-tals eksterne aktørar, primært i verkemiddelapparatet. I framlegg til Statsbudsjett 2026 ligg det inne ein reduksjon i dei statlege midlane på om lag 60 mill kr, og vi meiner det no er behov for ei politisk sak som oppsummerer VLFK sitt næringsretta arbeid. Dette vil gje politisk nivå oversikt i høve verkemiddelapparatet og betre grunnlag for prioritering.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren fremja ei sak som på overordna nivå syner Vestland fylkeskommune sitt samla næringsretta arbeid.